

KOSTRA landbruk

Ei vurdering av rapporteringa for 2017

Rapport nr. 22/2018
29.06.2018





Rapport:	KOSTRA landbruk – ei vurdering av rapporteringa for 2017
Avdeling:	Ressurs og areal, seksjon arealbruksutvikling
Dato:	29.06.2018
Ansvarleg:	Berit Lundamo
Bidragstatarar:	Jostein Tostrup
Rapport-nr.:	22/2018
Forsidebilde:	Erling Fløistad/NIBIO

Innhald

Innhald	3
Samandrag	5
1 Innleiing	7
2 Omdisponering av jordbruksareal	8
2.1 Politiske mål	8
2.2 Omdisponert areal i 2017.....	8
2.3 Formål areala blir omdisponerte til	12
3 Jordlova – talet på saker og utfall	14
3.1 Omdisponeringssaker	14
3.2 Delingssaker	17
3.3 Nydyrking.....	20
3.4 Driveplikt.....	22
4 Konesjonslova – talet på saker og utfall	25
4.1 «Vanlege» søknader om konsesjon (ikkje nedsett konsesjonsgrense).....	25
4.2 Søknader om konsesjon der søkeren er eit AS/ASA	29
4.3 Saker etter konsesjonslova § 9 siste ledd	29
4.4 Nedsett konsesjonsgrense.....	32
4.5 Nedsett konsesjonsgrense – slektskapsunntaket sett ut av kraft.....	35
5 Kvalitet på talmaterialet	36
5.1 Foreløpige og endelege tal	36
5.2 Endringar i rapporteringa over tid.....	36
5.3 Om rapporteringa for 2017.....	37
5.4 Konkrete tiltak	38

Vedlegg I: KOSTRA-tal

Vedlegg II: KOSTRA – skjema 32 – forvaltning av landbruksarealer 2017

Samandrag

KOSTRA (KOMmune–STAT-RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir opplysningar om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Kommunane har sidan 2005 rapportert på eige landbruksskjema gjennom KOSTRA. I tillegg til rapportering på godkjent omdisponert dyrka og dyrkbar areal etter jordlova og plan- og bygningslova (pbl.), rapporterer kommunane òg på saksarbeid etter jordlova og konsesjonslova.

Nøkkeltal

I 2017 rapporterte kommunane å ha omdisponert 4 025 dekar dyrka jord og 4 754 dekar dyrkbar jord. Totalt gir dette ei omdisponering på 8 779 dekar dyrka og dyrkbar jord til andre formål enn landbruk. Dette er 2 312 dekar mindre dyrka jord, og 608 dekar mindre dyrkbar jord, enn i 2016.

Areal til bustader stod for så mykje som 39 prosent av omdisponeringa i 2017. Når ein i tillegg tek med seg at grøntstruktur og samferdsel inngår som formål i nær alle detaljreguleringar for bustadsprosjekt, så blir det enda tydelegare kor mykje bustadbygging har å si for omdisponering av dyrka jord. Etter å ha stått for heile 44 prosent av omdisponeringa av dyrka jord i 2016, er arealformålet samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur no nede på 26 prosent, noko som er meir i tråd med tidlegare år.

Kommunane i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag fylke omdisponerte klart mest dyrka jord i 2017, med høvesvis 734 og 672 dekar. Kommunane i Akershus og Oslo omdisponerte 541 dekar. Dei tre fylka der kommunane har omdisponert mest dyrka jord, stod for drygt 48 prosent av total omdisponering av dyrka jord nasjonalt i 2017.

I 2017 behandla kommunane i alt 1086 saker etter jordlova § 9. Av desse sakene blei 933 søknader innvilga heilt eller delvis, og 153 søknader blei avslått, noko som utgjer 14,1 prosent. I perioden frå år 2000 har avslagsprosenten aldri vore høgare.

Kommunane behandla i alt 3650 søknader om deling etter jordlova § 12 i 2017. Av desse søknadene blei 3352 innvilga heilt eller delvis, og 298 søknader blei avslått. Dette gir ein avslagsprosent på 8,2. Talet på behandla søknader er noko lågare enn i 2016. Avslagsprosenten er den same som i 2016.

Det blei gitt løyve til nydyrking av 22 702 dekar i 2017. Dette er over 1 000 dekar meir enn i rekordåret 2016. Gjennomsnittsarealet som vart tillate oppdyrka i kvar sak var 24 dekar i 2017. Dette er noko meir enn for året før. I 2017 blei det behandla 958 søknader om nydyrking. 15 søknader blei avslått. Totalt blei 1 031 dekar omsøkt areal ikkje tillate for nydyrking i 2017.

Dei høgaste tala for godkjent nydyrkingsareal i 2017 er i kommunane i Hedmark (4 527 dekar), Oppland (2 681 dekar) og Nord-Trøndelag (2 392 dekar). Kommunane i desse tre fylka står for 42 % av alt tillate nydyrka areal i 2017.

I 2017 behandla kommunane i alt 29 søknader om varig fritak frå driveplikta, jf. tabell 8. Av desse søknadene blei 15 søknader innvilga og 14 søknader avslått. I 2017 var det i alt 21 kommunar som har behandla slike søknader. Talet på behandla søknader er på høgde med åra sidan 2012.

Kommunane behandla i alt 2 723 «vanlege» søknader om konsesjon i 2017. Av desse sakene blei søknaden om konsesjon innvilga utan vilkår i 1 336 saker, innvilga med vilkår i 1 329 saker og 58 søknader blei avslåtte.

I 2017 blei det behandla i alt 58 saker der konsesjonssøkar var eit AS/ASA. Av desse sakene blei 48 søknader innvilga og 10 søknader blei avslåtte.

I 2017 blei det behandla i alt 238 søknader om konsesjon etter konsesjonslova § 9 siste ledd. Dette er saker der søkaren i utgangspunktet kan ta over eigedomen konsesjonsfritt, men der ho/han ikkje kan eller vil busette seg der. Vedkomande må då søke om konsesjon. Av desse søknadene blei 68 innvilga utan vilkår, 152 søknader blei innvilga med vilkår og 14 søknader blei avslått. Dette gir ein avslagsprosent på 5,9.

I 2017 har i alt 49 kommunar oppgitt at dei har forskrift om nedsett konsesjonsgrense (buplikt) etter konsesjonslova § 7. Kommunane behandla i alt 342 saker etter forskrift med heimel i konsesjonslova § 7 i

2017, noko som er mykje samanlikna med tidlegare år. Av desse sakene blei 328 søknader innvilga, og 14 søknader blei avslått.

Kvalitet på årets rapportering

Ved endeleg rapportering for 2017 var det 12 kommunar som ikkje hadde rapportert. Det gir ein svarprosent på 97 prosent, noko som er lågare enn tidlegare år. Vi må tilbake til 2010 for å finne tilsvarende låg svarprosent. Når det er så mange kommunar som ikkje rapporterer innan fristen, så er faren for underrapportering i talgrunnlaget stor. Moglege feilkjelder i rapporteringa kan òg vere feil oppgitt storleik på areal, tal og utfall av saker i rapporteringa frå dei ulike kommunane.

Tiltak som kan betre kvaliteten på tala

KOSTRA er det beste verktøyet vi har for å måle korleis vi ligg an i forhold til jordvernmålet, og for å følge utviklinga i kommunanes behandling av sakar etter jord- og konsesjonslov. Derfor er det viktig at desse tala reflekterer den faktiske situasjonen best mogleg. Landbruksdirektoratet foreslår derfor følgjande tiltak for å betre kvaliteten og relevansen på rapporteringa:

- Virksomhets- og økonomiinstruksen til fylkesmennene bør gåast gjennom sånn at oppgåvene dei har om kvalitetssikring av KOSTRA-tala blir gjort tydeligare. Slik kan ein tryggje at desse oppgåvene gjerast meir einskapleg på tvers av embeta.
- Endre virkeområdet til jordlova §§ 9 og 12 slik at omdisponering av jordbruksareal berre kan skje gjennom behandling etter jordlova eller ved utarbeiding av reguleringsplan. På denne måten blir det mogleg å registrere omdisponeringa gjennom KOSTRA.
- Innføre søknadsplikt på all byggeaktivitet på jordbruksareal, inkludert landbrukets egen nedbygging. Landbruket si eigen nedbygging kan då fangast opp gjennom KOSTRA.

1 Innleiing

KOSTRA (KOMmune–Stat-RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir opplysningar om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Kommunane har sidan 2005 rapportert på eige landbruksskjema gjennom KOSTRA. Det blir rapportert på omdisponert dyrka og dyrkbar jord etter plan- og bygningslova (pbl.) og jordlova, og dessutan på anna saksarbeid etter jordlova og konsesjonslova.

Denne rapporten dekker rapporteringa for 2017. Rapporteringsskjemaet for 2017 er vist i vedlegg II.

KOSTRA gir informasjon om utfallet av behandlinga til kommunen av dei ulike sakstypene, og dette blir rapportert for kvar sakstype for heile året under eitt. Det blir ikkje lagt inn opplysningar om kvar enkelt sak.

Vi har ikkje referert heile talmaterialet frå landbruksskjemaet i denne rapporten. Statistikken er tilgjengeleg på KOSTRA-sidene hos SSB. Vi har tatt med eit utdrag av data for 2017, og dessutan nokre nasjonale og fylkesvise tal. Desse er vist i vedlegg I.

I kapittel 2 blir det gitt eit oversyn over dyrka og dyrkbart areal som er vedtatt varig omdisponert til andre formål enn landbruk.

I kapittel 3 blir det gitt eit oversyn over tal på saker og utfall av saker behandla etter jordlova.

I kapittel 4 blir det gitt eit oversyn over tal på saker og utfall av saker behandla etter konsesjonslova.

I kapittel 5 gir Landbruksdirektoratet vurderingar knytt til kvaliteten på dei innrapporterte tala, samt forslag til forbetringar.

2 Omdisponering av jordbruksareal

2.1 Politiske mål

Noreg har avgrensa areal for matproduksjon. Det har lenge vore eit politisk mål å verne om god dyrka og dyrkbar jord, og å avgrense den årlege omdisponeringa av dyrka jord til under 6 000 dekar, jf. forslag til nasjonal jordvernstrategi (Prop. 127 S (2014 – 2015)).

Ved behandlinga av forslag til nasjonal jordvernstrategi 8. desember 2015, gjorde Stortinget vedtak om at jordvernmålet skulle styrkast. Stortinget fastsette målet for maksimal årleg omdisponering til 4 000 dekar dyrka jord, og sa samstundes at dette målet gradvis skal nås innan 2020.

Dyrka jord omfattar fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite, dvs. jordbruksareal.

Dyrkbar jord er areal som ved oppdyrking kan setjast i slik stand at det vil halde krava til fulldyrka jord, og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking. Dyrkbar jord kan vere overflatedyrka jord, innmarksbeite, skogareal, anna jorddekt fastmark, myr og torvmark.

Kjelde: NIBIO

2.2 Omdisponert areal i 2017

Nasjonalt nivå

Tala som kommunane rapporterer inn viser til vedtak om *omdisponering etter jordlova og vedtekne reguleringsplanar etter plan- og bygningslova*. Kommunane rapporterer ikkje om areal som blir lagt inn som byggeområde i kommuneplanen sin arealdel. Det kan derfor gå noko tid frå kommunar vedtar nye byggeområde i LNFR-område i kommuneplanen sin arealdel, til areala blir regulert og synleggjort i statistikken på omdisponering.


I 2017 rapporterte kommunane å ha omdisponert 4 025 dekar dyrka jord og 4 754 dekar dyrkbar jord. Totalt gir dette ei omdisponering på 8 779 dekar dyrka og dyrkbar jord til andre formål enn landbruk (tabell 1). Dette er heile 2 312 dekar mindre dyrka jord, og 608 dekar mindre dyrkbar jord, enn i 2016.

Tala viser areal som gjennom vedtak er omdisponerte til anna arealformål enn landbruk, som til dømes bustader, forretning, logistikk eller samferdsel. Areal som er omdisponert til skogplanting, eller regulert til landbruksformål, er ikkje medrekna.

Tabell 1: Omdisponert dyrka og dyrkbar jord til andre formål enn landbruk etter jordlova og plan- og bygningslova 2007 - 2017 (dekar).


	Samla omdisponering jordlova og PBL			Plan- og bygningslova (PBL)			Jordlova		
	Dyrka jord	Dyrkbar jord	Sum dyrka og dyrkbar jord	Dyrka jord	Dyrkbar jord	Sum dyrka og dyrkbar jord	Dyrka jord	Dyrkbar jord	Sum dyrka og dyrkbar jord
2007	8 510	6 611	15 121	5 873	5 066	10 939	2 637	1 545	4 182
2008	7 900	7 045	14 945	5 691	5 553	11 244	2 209	1 492	3 701
2009	8 308	4 690	12 998	6 470	3 649	10 119	1 838	1 041	2 879
2010	6 687	5 556	12 243	5 273	4 635	9 908	1 414	921	2 335
2011	6 648	3 894	10 542	5 273	3 052	8 325	1 375	842	2 217
2012	6 567	4 643	11 210	5 265	3 946	9 211	1 302	697	1 999
2013	5 620	4 016	9 636	4 375	3 264	7 639	1 245	752	1 997
2014	5 710	4 277	9 987	4 646	3 460	8 106	1 064	817	1 881
2015	6 341	6 287	12 628	5 213	3 510	8 723	1 128	2 777	3 905
2016	6 337	5 362	11 699	5 138	4 630	9 768	1 532	743	2 275
2017	4 025	4 754	8 779	3 110	3 057	6 167	914	1 697	2 612

Tala for omdisponering av dyrka jord i 2017 ligg 36 prosent lågare enn tala for 2016, då talet var 6 337 dekar, jf. figur 1. Merk at alle tala for 2016 vart noko høgare enn tala som blei presentert i tilsvarende rapport i fjor. Justeringa skuldast at Sund og Brønnøy kommunar har komme med i rapporteringa. I tillegg er tala på omdisponering endra for Oslo, Ski og Ås kommunar da reguleringsplanar som blei vedtekne i 2016 ikkje blei rapportert.



Figur 1: Omdisponert areal fordelt på dyrka og dyrkbar jord, sum jordlova og plan- og bygningslova 2007 - 2017 (dekar).

Den samla omdisponeringa etter jordlova for 2017 er tilbake på eit nokså høgt nivå samanlikna med i fjor. Med unntak av 2015 må ein heilt tilbake til 2009 for å finne høgare tal på samla omdisponering etter jordlova (figur 2). Dette skuldast at omdisponeringa av dyrkbar jord ligg høgt samanlikna med tidlegare år. For dyrka jord er talet lågare enn nokon gong.




Figur 2: Omdisponert dyrka og dyrkbar jord fordelt på plan- og bygningslova og jordlova, 2007 - 2017 (dekar).

Fylkesvis statistikk

Under blir det vist tal og presentasjonar for omdisponering av dyrka jord på fylkesnivå. Det er viktig å minne om at desse sakene blir avgjort i kommunane, ikkje på fylkesnivå.

Figur 3 viser at kommunane i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag fylke har omdisponert klart mest dyrka jord i 2017, med høvesvis 734 og 672 dekar. Kommunane i Akershus og Oslo omdisponerte 541 dekar. Dei tre fylka der kommunane har omdisponert mest dyrka jord, stod for drygt 48 prosent av total omdisponering av dyrka jord nasjonalt i 2017.



Figur 3: Fordeling av omdisponert areal dyrka jord etter lovgrunnlag og fylke, 2017 (dekar).

I følge dei endelege tala for 2017 har kommunane i Møre og Romsdal (116 dekar), Nordland (94 dekar) og Oslo og Akershus (87 dekar) dei høgaste tala for omdisponert dyrka jord til andre formål enn landbruk etter jordlova, jf. figur 3. Nordland, Troms og Telemark er dei einaste fylka der kommunane har omdisponert meir etter jordlova enn etter plan- og bygningslova. Ei mogleg forklaring på dette kan vere at det er meir vanleg å gje løyve for til dømes bustadbygging i enkeltsaker etter jordlova på mindre stader enn i større tettstader og byar der ein vil ha en meir aktiv bruk av reguleringsplan.

Kommunevis statistikk

Dei fem kommunane som har omdisponert mest dyrka jord i 2017 er i følgje KOSTRA-tala Molde (347 dekar), Trondheim (182 dekar), Melhus (177 dekar), Ullensaker (144 dekar) og Ski (126 dekar). Desse fem kommunane stod for drygt 24 prosent av all omdisponering av dyrka jord nasjonalt i 2017.

Tabell 2: Dei 20 kommunane med mest dyrka jord omdisponert til andre formål enn landbruk i 2017.

	Kommune	Dekar
1	1502 Molde	347
2	1601 Trondheim	182
3	1653 Melhus	177
4	0235 Ullensaker	144
5	0213 Ski	126
6	1638 Orkdal	122
7	1253 Osterøy	104
8	2012 Alta	86
9	0233 Nittedal	80
10	0710 Sandefjord	73
11	1621 Ørland	67
12	1714 Stjørdal	67
13	0125 Eidsberg	58
14	1535 Vestnes	58
15	0412 Ringsaker	58
16	1870 Sortland	56
17	1247 Askøy	52
18	1627 Bjugn	49
19	1127 Randaberg	48
20	0417 Stange	47
	Sum øverste 20 kommuner	2 003
	Sum alle kommuner i Norge	4 025

I omdisponeringstala ligg samfunnsformål som bustader, ulike næringsbygg, skule og barnehage, der kommunane i si rolle som lokal planmyndigheit vel å plassere tiltaka på dyrka jord. I tala ligg òg nasjonale tiltak som større samferdselsutbyggingar og forsvarsformål, der staten har ei sentral rolle. Tala viser altså ein kombinasjon av kommunale avgjerder og gjennomføring av store statlege prosjekt.

2.3 Formål areala blir omdisponerte til

Når kommunane rapporterer i KOSTRA, skal tal på dekar omdisponert areal, både for reguleringsplanar og enkeltsaker etter jordlova, fordelast på ei heil rekke ulike formål. Omsynet til jordvernet skal avvegast mot andre omsyn i arealplanlegginga, og sjølv etter jordlova kan omsynet til å verne om arealressursane måtte vike for andre viktige samfunnsomsyn. Tala frå KOSTRA viser kva for andre samfunnsformål jordbruksareala blir tatt i bruk til i omdisponeringssaker, jf. tabell 3.

Tabell 3: Omdisponert areal etter jordlova og plan- og bygningslova fordelt på formål, 2017 (dekar).


Formål	Dyrka jordlov	Dyrka pbl	Sum dyrka	Dyrkbar jordlov	Dyrkbar pbl	Sum dyrkbar	Sum d + db
Bustader	388	1 175	1 564	197	498	696	2 259
Fritidsbusetnad	66	33	100	1 074	275	1 349	1 449
Næringsbygningar	93	283	376	68	306	375	750
Offentleg eller privat tenesteyting	18	274	292	6	161	167	459
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	112	938	1 050	17	966	983	2 033
Grøntstruktur	26	190	216	15	442	456	672
Andre bygningar og anlegg	37	82	118	239	303	541	660
Golfbane	0	0	0	14	0	14	14
Anna landbruksformål jordlova	174		174	67		67	241
Forsvarsformål	0	0	0	0	0	0	0
LNFR der landbruk er utelukka		39	39		96	96	135
LNFR spreidde bygningar		10	10		0	0	10
Bruk og vern av sjø og vassdrag	0	4	4	1	3	4	8
Kombinasjoner av hovedformål pbl		83	83		7	7	90
Sum omdisponert	914	3 110	4 025	1 697	3 057	4 754	8 779
Skogplanting	287		287	63		63	350

Etter å ha stått for heile 44 prosent av omdisponeringa av dyrka jord i 2016, er no arealformålet samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur nede på 26 prosent, noko som er meir i tråd med tidlegare år. Med tanke på dei mange store prosjekta som skjer innafør veg og jernbane, er det likevel truleg at dette arealformålet vil stå for ein stor del av omdisponeringa også i åra framover.

Areal til bustader stod for så mykje som 39 prosent av omdisponeringsformålet i 2017. Når ein i tillegg tek med seg at grøntstruktur og samferdsel inngår som formål i nær alle detaljreguleringar for bustadsprosjekt, så blir det enda tydelegare kor mykje bustadbygging har å si for omdisponering av dyrka jord. Kommunane har ein viktig jobb å gjere for å unngå at bustader byggjast på jordbruksareal. I dei fleste tilfelle vil det finnast alternativ til å byggje ned dyrka og dyrkbar jord.

Areal til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur stod med sannsyn for størstedelen av omdisponeringa av dyrkbar jord i 2017. Talet på dyrkbar jord omdisponert til fritidsbusetnad etter jordlova er over 1000 dekar høgare enn i 2016. Dette skuldast truleg ei overrapportering frå Kautokeino kommune.

Tala for 2017 viser at 25 prosent av bustadbygginga på dyrka jord blei godkjent gjennom løyve til omdisponering etter jordlova. Denne bustadbygginga på dyrka jord blei altså godkjent utan bruk av reguleringsplan. Når det gjeld fritidsbygningar på dyrka jord, blei 66 prosent godkjent gjennom einskildvedtak etter jordlova i 2017. For at ein kunne gjere ei heilskapleg og velgrunna avgjerd om bustadbygging og fritidsbusetnader i kommunen, bør dette skje i samband med kommune- og reguleringsplanprosessar. Ikkje gjennom behandling av enkeltsaker etter jordlova. Her har kommunane eit stort potensiale for å avgrense omdisponeringa.



Figur 4: Omdisponert areal dyrka jord fordelt på formål i 2017.

Det er vedtatte reguleringsplanar som ligg til grunn for dei tala kommunane rapporterer inn om omdisponering etter plan- og bygningslova. Hovudnorma er at større bygge- og anleggstiltak skal bli behandla gjennom reguleringsplan, og at det i definerte utbyggingsområde i kommuneplanen sin arealdel blir sett krav om reguleringsplan før utbygging. Plan- og bygningslova set likevel ikkje noko klar grense for kva som er å rekne som *større bygge- og anleggstiltak*. Dette inneber at kommunen har høve til å godkjenne mindre utbyggingar direkte gjennom kommuneplanen sin arealdel, utan å krevje reguleringsplan først. Sidan føresegnene om omdisponering i jordlova ikkje gjeld i bebyggelsesområde i kommuneplanen sin arealdel, vil slike utbyggingar ikkje bli fanga opp av KOSTRA-rapporteringa.

Areal som blir tatt i bruk til byggeverksemd med sikte på jordbruksproduksjon krev ikkje samtykke til omdisponering etter jordlova. Nye driftsbygningar, gjødselkummar mv. blir dermed ikkje fanga opp i KOSTRA-statistikken med mindre dei blir behandla som reguleringsplan, noko som sjeldan skjer. Dette går vi nærare inn på i kapittel 5.

Areal til skogplanting blir heller ikkje tatt med i omdisponeringsstatistikken. Dette skuldast at skogplanting ikkje blir sett på som ei irreversibel omdisponering, sidan arealet framleis vil vere dyrkbar jord eller ved rydding eigne seg som innmarksbeite. Ved eit framtidig behov for matproduserande areal kan arealet dyrkast opp att.

Omdisponering av areal til anna landbruksformål etter jordlova, altså bruk av arealet som ikkje tar sikte på jordbruksproduksjon slik dette er definert i jordlova, er definert som permanent omdisponert. Slik omdisponering blir dermed tatt med på linje med ulike utbyggingsformål kommunane registrerer gjennom KOSTRA. Dette kan til dømes vere ridehallar, hytter til utleie eller servicebygg.

3 Jordlova – talet på saker og utfall

3.1 Omdisponeringssaker

Jordlova set eit forbod mot å nytte dyrka jord til formål som ikkje tar sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må vidare ikkje disponerast slik at ho i framtida ikkje blir eigna til jordbruksproduksjon. Vil eigaren nytte dyrka eller dyrkbar jord til anna enn jordbruksproduksjon, må ho/han søke om løyve til omdisponering etter jordlova § 9.

I KOSTRA blir òg søknader om frådelling etter jordlova § 12 tatt med under talet for omdisponeringssaker etter jordlova § 9, dersom delinga fører med seg at dyrka eller dyrkbar jord blir omdisponert.


I 2017 behandla kommunane i alt 1086 saker etter jordlova § 9, jf. tabell 4. Av desse sakene blei 933 søknader innvilga heilt eller delvis, medan 153 søknader blei avslått. Avslagsprosenten var 14,1. I perioden frå år 2000 har avslagsprosenten aldri vore høgare.

Av tabellen nedanfor ser vi at det har vore ein nokså jamn nedgang i talet på søknader etter jordlova § 9 i perioden 2005 – 2014, medan vi ser ein liten auke i 2015. I 2016 og 2017 gikk talet på behandla saker ned igjen. Talet for 2017 er det lågaste vi har sett sidan kommunane fekk fullmakt til å fatte vedtak etter omdisponeringsføresegna i jordlova (frå 01.01.2004).

Tabell 4. Talet på omdisponeringssaker behandla av kommunane i perioden 2000-2017.


	Innvilga	Avslåtte	Saker i alt	Avslag i %
2000	767	47	814	5,8
2001	713	46	759	6,1
2002	626	41	667	6,1
2003	531	33	564	5,9
2005	2180	218	2398	9,1
2006	1962	194	2156	9
2007	1963	266	2229	11,9
2008	1707	235	1942	12,1
2009	1356	208	1564	13,3
2010	1461	156	1617	9,6
2011	1267	137	1404	9,8
2012	1211	159	1370	11,6
2013	1205	154	1359	11,3
2014	1065	121	1186	10,2
2015	1128	129	1257	10,3
2016	999	134	1133	11,8
2017	933	153	1086	14,1

Figur 5 viser at det er stor forskjell mellom fylka med omsyn på kor mange søknader etter jordlova § 9 som vart behandla i dei respektive kommunane i 2017. Flest saker blei det behandla i kommunane i Troms (149 saker) og Nord-Trøndelag (116 saker). Det lågaste talet på behandla omdisponeringssaker var i Aust-Agder-kommunane, med 6 saker.



Figur 5: Talet på søknader etter jordlova § 9, innvilga og avslåtte, fordelt på fylka i 2017.


Av figur 6 går det fram at det er stor skilnad mellom fylka når det gjeld talet på behandla søknader om omdisponering i perioden 2006 - 2017. Det lågaste talet på behandla søknader er i kommunane i Aust-Agder med 307 saker, og det høgaste talet i kommunane i Nordland med 2300 behandla saker. Som vist i kapittel 2.2, så var Nordland ein av tre fylker der kommunane omdisponerte meir areal etter jordlova enn etter plan- og bygningslova.



Figur 6: Talet på behandla søknader om omdisponering i perioden 2006-2017 fordelt på fylka.

Det er ikkje berre talet på søknader behandla etter jordlova § 9 som varierer mykje mellom fylka i denne perioden, men òg avslagsprosenten. Figur 7 viser at den høgaste avslagsprosenten var blant kommunane i Finnmark med om lag 19,8 prosent og Oppland med 18 prosent, mens den lågaste avslagsprosenten er i kommunane i Sogn og Fjordane med om lag 5,2 prosent.

Gjennomsnittleg avslagsprosent for heile landet i perioden 2006-2017 var på 11,4.



Figur 7: Avslagsprosent for saker etter jordlova § 9 i perioden 2006-2017 fordelt på fylka.

3.2 Delingssaker

Om eigaren av ein landbrukseigedom vil dele frå eit areal, t.d. ei tomt, må ho eller han søke om løyve til deling etter jordlova § 12. Kommunen skal ved si behandling av søknaden mellom anna legge vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket.


Jordlova § 12 blei endra med verknad frå 1.7.2013, mellom anna slik at omsynet til busetting kan gi grunnlag for at søknaden kan bli innvilga sjølv om andre moment talar mot det. Denne endringa vart tatt inn som eit nytt punkt i KOSTRA-skjemaet frå og med rapporteringsåret 2013.

Av tabell 5 går det fram at kommunane behandla i alt 3650 søknader om deling etter jordlova § 12 i 2017. Av desse søknadene blei 3352 innvilga heilt eller delvis, medan 298 søknader blei avslått. Dette gir ein avslagsprosent på 8,2. Talet på behandla søknader er noko lågare enn i 2016. Avslagsprosenten er den same som i 2016.

Tabell 5: Talet på søknader om deling etter jordlova § 12 behandla av kommunane i perioden 2005 - 2017.


	Samtykke i alt	Med formål tilleggsjord	Av omsyn til busettinga i området	Avslag i alt	Saker i alt	Avslag i %
2005	6037	684		500	6537	7,6
2006	5079	507		536	5615	9,5
2007	4924	508		574	5498	10,4
2008	4718	544		543	5261	10,3
2009	4360	528		469	4829	9,7
2010	3960	456		353	4313	8,2
2011	4081	491		397	4478	8,9
2012	3773	516		375	4148	9
2013	3575	555	513	282	3857	7,3
2014	3692	585	532	274	3966	6,9
2015	3826	625	638	287	4113	7
2016	3577	557	589	321	3898	8,2
2017	3352	627	590	298	3650	8,2

Av dei 3 352 søknadene etter jordlova § 12 som blei innvilga i 2017, blei 590 søknader (17,6 prosent) innvilga av omsyn til busettinga. 627 søknader (18,7 prosent) av dei innvilga søknadene gjaldt tilleggsjord til annan landbrukseigedom.



Figur 8: Talet på behandla saker etter jordlova § 12 i 2017 fordelt på fylka.


Det er stor skilnad mellom fylka med omsyn til kor mange delingssaker som vart behandla av kommunane i 2017, jf. figur 8. Det blei behandla flest saker i Nordland (397 saker), mens Finnmark behandla færrest saker (47 saker). Dette er tilsvarande som tidlegare år.




Figur 9: Andelen avslåtte søknader om deling etter jordlova § 12 i 2017.

Den høgaste avslagsprosenten i 2017 er i kommunane i Finnmark med 17 prosent, jf. figur 9. Den lågaste avslagsprosenten er i kommunane i Buskerud og Sogn og Fjordane med 3,3 prosent. Gjennomsnittleg avslagsprosent for delingssaker i heile landet var i 2017 på 8,8 prosent.

At det er ulikt tal behandla delingssaker fordelt på fylka går att òg i den periodevise statistikken for åra 2006 – 2017, jf. figur 10. Det høgaste talet behandla saker er i kommunane i Nordland med 6 748 saker i perioden 2006 - 2017, og det lågaste talet er i kommunane i Finnmark med 731 behandla saker.



Figur 10: Talet på behandla saker etter jordlova § 12 i perioden 2006-2017 fordelt på fylka.



Figur 11: Gjennomsnittleg avslagsprosent i saker etter jordlova § 12 i perioden 2006 - 2017 fordelt på fylka.

I perioden 2006 - 2017 finn vi òg at det er klar skilnad mellom fylka med omsyn på avslagsprosent på delingssøknader. Dette kjem fram i figur 11.

Den høgaste avslagsprosenten er i kommunane i Rogaland, der i gjennomsnitt 16,9 prosent av delingssøknadene blei avslått i perioden. Den lågaste avslagsprosenten er i kommunane i Østfold med 5 prosent. For heile landet var gjennomsnittleg avslagsprosent i denne perioden 9,2 for kommunane si behandling av søknader etter jordlova § 12.


3.3 Nydyrking

For å nydyrke eit areal må eigaren søke kommunen om løyve i samsvar med forskrift om nydyrking (jf. jordlova § 11). Kommunane rapporterer om utfall av behandla søknader i KOSTRA. Tabell 6 viser blant anna til tal på saker der det er gitt løyve til nydyrking, og eventuelt om det er sett vilkår, og dessutan tal på avslåtte saker. Tala seier ikkje i kva grad, eller når, desse areala faktisk vil bli dyrka opp. Dersom nydyrkingstiltaket ikkje er påbyrja innan tre år etter at løyvet blei gjeve, fell løyvet bort.

Tabell 6: Utfall av behandling av søknader om nydyrking 2007 – 2017.

År	Tal på søknader	Løyve utan vilkår	Løyve med vilkår	Tal på avslag	Avslag - %	Omsøkt nydyrka areal	Tillate nydyrka areal
2007	547	204	334	9	1,6 %	13 649	13 119
2008	587	232	344	13	1,9 %	15 180	14 157
2009	569	221	337	11	2,0 %	15 755	15 153
2010	689	311	366	12	1,7 %	21 213	19 860
2011	632	267	354	11	1,7 %	17 425	15 875
2012	653	305	342	6	0,9 %	14 287	13 417
2013	644	284	353	7	1,1 %	15 111	14 557
2014	878	405	455	18	2,1 %	19 405	18 572
2015	854	404	439	11	1,3 %	18 832	18 139
2016	964	469	486	9	0,9 %	22 636	21 575
2017	958	406	537	15	1,6 %	23 733	22 702

Tabell 6 og figur 12 viser at det blei gitt løyve til å nydyrke 22 702 dekar i 2017. Dette er over 1 000 dekar meir enn i rekordåret 2016. Gjennomsnittsarealet som blei tillate oppdyrka i kvar sak var 24 dekar i 2017. Dette er noko meir enn for året før. I 2017 blei det behandla 958 søknader om nydyrking. 15 søknader blei avslått. Totalt blei 1 031 dekar ikkje tillate for nydyrking i 2017.



Figur 12: Tal på tillate nydyrka areal, 2007 - 2017 (dekar).

Dei høgaste tala for godkjent nydyringsareal i 2017 ligg i kommunane i Hedmark (4 527 dekar), Oppland (2 681 dekar) og Nord-Trøndelag (2 392 dekar). Kommunane i desse tre fylka står for 42 prosent av alt tillate nydyrka areal i 2017.

Ved behandling av søknad om godkjenning av plan for nydyrking skal kommunen legge særleg vekt på verknaden nydyrkinga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiene. Kvart år blir det stilt vilkår av omsyn til

natur og miljø i ca. halvparten av nydyrkingssakene. I 2017 blei det stilt slike vilkår i 57 prosent av sakene der godkjenning er gitt (tabell 7).

Tabell 7 viser fordeling av vilkår på dei ulike kategoriane. I 2017 blei det sett i alt 747 vilkår fordelt på 537 saker innvilga med vilkår. Det blei sett 237 vilkår av omsyn til biologisk mangfald, 298 vilkår av omsyn til kulturminne, 152 vilkår av omsyn til landskapsbildet, 13 vilkår av omsyn til friluftsliv og 47 vilkår om redusert areal. Ser ein heile perioden samla, er det sett flest vilkår av omsyn til kulturminne, og færrest vilkår av omsyn til friluftsliv.

Tabell 7: Fordeling av vilkår i nydyrkingssaker 2007 – 2017.

	Biologisk mangfald	Kulturminner	Landskapsbildet	Friluftsliv	Vilkår om redusert areal
2005	60	160	96	30	42
2006	130	148	159	50	57
2007	141	136	138	11	29
2008	153	157	141	30	39
2009	134	158	142	24	30
2010	126	194	119	9	50
2011	122	185	122	17	50
2012	129	190	129	15	44
2013	129	186	153	25	24
2014	172	294	178	44	37
2015	199	260	172	44	42
2016	187	241	185	17	48
2017	237	298	152	13	47

KOSTRA-tala viser at 179 dekar registrert som A-område for biologisk mangfald blei godkjent for nydyrking i 2017. I tillegg blei 716 dekar registrert som B-område for biologisk mangfald godkjent for nydyrking.

3.4 Driveplikt

Søknad om varig fritak frå driveplikta

Med verknad frå 1.7.2009 blei det i jordlova § 8 ei føresegn om at jordbruksareal skal drivast. Denne føresegna gjeld utan tidsavgrensing. Eigaren må derfor sjølv drive den dyrka jorda ho/han eig, eller jorda må leigast bort som tilleggsjord til andre. Ei slik leigekontrakt skal vere skriftleg, og gjelde for ei tid på minst 10 år. Leigeavtalen skal òg gi ei god driftsmessig løysing. Føresegna om driveplikt vart endra i 2017, men endringane har inga verknad for rapporteringa kva gjeld driveplikta.


Eigaren kan søke om fritak frå driveplikta, enten heilt eller for ein tidsavgrensa periode, sjå jordlova § 8 a.

Tabell 8: Talet på behandla søknader om varig fritak for driveplikta etter jordlova § 8 a i perioden 2010-2017.

	Kommunar som har behandla søknader om fritak frå driveplikta	Søknader innvilga med varig fritak frå driveplikta	Søknader innvilga med tidsavgrensa fritak frå driveplikta	Avslått	Søknader i alt
2010	78	54	186	37	277
2011	32	40	**	29	69
2012	23	24		19	43
2013	14	18		25	43
2014	21	46		11	57
2015	18	14		11	25
2016	17	21		9	30
2017	21	15		14	29


** Frå og med 2011 er det berre søknader om varig fritak frå driveplikta kommunane rapporterer på gjennom KOSTRA.

I 2017 behandla kommunane i alt 29 søknader om varig fritak frå driveplikta, jf. tabell 8. Av desse søknadene blei 15 søknader innvilga og 14 søknader avslått. I 2017 var det i alt 21 kommunar som har behandla slike søknader. Talet på behandla søknader er på høgde med åra sidan 2012.



Figur 13: Talet på søknader om varig fritak for driveplikt i 2017 fordelt på fylka.

Figur 13 viser at kommunane i Rogaland behandla flest søknader om varig fritak for driveplikt, med i alt 9 søknader i 2017.



Figur 14: Talet på søknader om varig fritak frå driveplikta fordelt på fylka, 2010-2017.

Ser vi på talet på slike søknader som kommunane har behandla i tida 2010-2017 har vi eit meir variert bilde. Flest slike saker er i kommunane i Nordland (67 saker) og Nord-Trøndelag (47 saker).

Ei forklaring på fordelinga mellom fylka i figur 14, kan vere at dei som søker varig fritak frå driveplikta ønsker å nytte eigedomen til bustad- eller fritidsformål. Det er derfor ikkje alltid at svakt produksjonspotensial på eigedomen ligg til grunn for ein søknad om varig fritak.


Brot på driveplikta – vedtak om pålegg etter jordlova § 8 tredje ledd

I samband med lovendringa i 2009 som er nemnt ovanfor, blei det opna for at kommunane kan gi eigaren pålegg når dei finn at det føreligg brot på driveplikta. Endringane frå 2017 i jordlova § 8 tredje ledd har inga verknad for rapporteringa på dette området.

Tabell 9: Talet på rapporterte pålegg etter jordlova § 8 tredje ledd, perioden 2011-2017.

	Vedtak med pålegg om driveplikt etter jordlova § 8 tredje ledd
2010	16
2011	26
2012	71
2013	27
2014	27
2015	5
2016	3
2017	11

I 2017 blei det gitt i alt 11 pålegg med heimel i jordlova § 8 tredje ledd, jf. tabell 9. Som vi kan sjå av tabellen er det ein klar nedgang i talet gitte pålegg etter jordlova § 8 dei seinare åra.



Figur 15: Talet på pålegg etter jordlova § 8 tredje ledd i perioden 2010-2017 fordelt på fylka.

I perioden 2010-2017 (figur 15) skil kommunane i Nordland og Nord-Trøndelag seg ut med talet på pålegg etter jordlova § 8 tredje ledd. Det var gitt 99 slike pålegg i Nordland i denne perioden og 20 pålegg i Nord-Trøndelag.

4 Konesjonslova – talet på saker og utfall

4.1 «Vanlege» søknader om konesjon (ikkje nedsett konesjonsgrense)

Formålet med konesjonslova er å få eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet. Konesjonslova fastset at det er naudsynt med konesjon for å erverve fast eigedom. Unntaka frå denne konesjonsplikta er likevel så omfattande at det i praksis berre må søkast om konesjon for ein liten del av eigarskifta på fast eigedom. Omtala under punkt 4.1 omfattar ikkje konesjonssaker som har sitt opphav i forskrifter om nedsett konesjonsgrense, derfor omtalar vi dei som *vanlege konesjonssaker*.

Kommunane behandla i alt 2 723 vanlege søknader om konesjon i 2017, jf. tabell 10. Av desse sakene blei søknaden om konesjon innvilga utan vilkår i 1 336 saker, innvilga med vilkår i 1 329 saker og 58 søknader blei avslåtte. Av dei søknadene som blei innvilga med vilkår blei det sett vilkår om personleg buplikt i 735 saker, og upersonleg buplikt i 110 saker.

Rapporteringa gjennom KOSTRA gir ikkje noko svar på kva for andre vilkår enn personleg eller upersonleg buplikt kommunane eventuelt har sett i desse sakene.


Talet på behandla saker i 2017 var om lag det same som i tidlegare år.

Tabell 10: «Vanlege» søknader om konesjon for perioden 2010-2017. Talet på saker.

	Innvilga			Innvilga med vilkår		Avslåtte	Søknader i alt	Avslagsprosent
	Utan vilkår	På vilkår etter § 11	Innvilga i alt	Pers. buplikt	Upers. buplikt			
2010	645	759	1404	395	53	43	1447	3,0
2011	1115	1197	2312	645	82	62	2374	2,6
2012	1177	1243	2420	680	106	63	2483	2,5
2013	1042	1239	2281	643	71	51	2332	2,2
2014	1146	1335	2481	721	104	48	2529	1,9
2015	1323	1244	2567	631	99	48	2615	1,8
2016	1 263	1 307	2570	637	106	57	2 627	2,2
2017	1336	1329	2665	735	110	58	2723	2,1


I 2017 blei i gjennomsnitt ca. 49 prosent av dei vanlege konesjonssøknadene innvilga utan vilkår, ca. 49 prosent av søknadene blei innvilga med vilkår og ca. 2 prosent av søknadene blei avslått.

Av tabell 10 og figur 16 kan vi sjå ein svak trend i retning av at fleire konesjonssaker blir innvilga utan vilkår i perioden 2010-2017. I heile perioden blei i gjennomsnitt ca. 48 prosent av søknadene innvilga utan vilkår, og det blei sett vilkår i ca. 52 prosent av sakene.




Figur 16: Andelen konsesjonssaker innvilga med og utan vilkår i perioden 2010-2017. Tal i prosent.

Figur 17 viser at det er klar forskjell mellom fylka med omsyn på kor mange vanlege konsesjonssaker som blei behandla av kommunane i 2017. Det blei behandla flest saker i kommunane i Hedmark med 355 saker, og færrest behandla saker i kommunane i Finnmark med 53 saker. Ein kan med andre ord ikkje se nokre markante endringer i tala som følgje av lovendringane i 2017.




Figur 17: Talet på behandla «vanlege» konsesjonssaker i 2017 fordelt på fylka.



Figur 18: Utfall av søknader om konsesjon behandla av kommunane i 2017 fordelt på fylka.

Figur 18 viser at det er stor variasjon mellom fylka og når det gjeld kva som blei utfallet av kommunane sin behandling av søknadene om konsesjon. Det er kommunane i Finnmark som har innvilga den største delen av sakene (ca. 79 prosent) utan vilkår i 2017. Det er kommunane i Vestfold som har den lågaste delen innvilga søknader utan vilkår, med ca. 12 prosent.



Figur 19: Utfall av søknader om «vanleg» konsesjon behandla av kommunane i perioden 2010-2017 fordelt på fylka.

Om vi ser på fordelinga av utfall av kommunane si behandling av konsesjonssaker i perioden 2010-2017 fordelt på kommunane (figur 19), finn vi nokre klare skilnader mellom fylka. Når det gjeld andelen «vanlege» konsesjonssøknader innvilga utan vilkår, ser vi at medan kommunane i Finnmark og Hordaland har innvilga litt over 70 prosent av søknadene har kommunane i Hedmark berre innvilga nærare 23 prosent av søknadene. Ser vi på andelen søknader som blei avslått, ser vi òg klar skilnad. Berre 0,8 prosent av søknadene i Hordaland blei avslått, medan 4,1 prosent av søknadene i nabofylket Rogaland fekk avslag.

4.2 Søknader om konsesjon der søkeren er eit AS/ASA

I 2012 blei KOSTRA-skjemaet utvida med eit spørsmål om konsesjon til aksjeselskap. Vi gjer merksam på at desse sakene òg er med i talet på «vanlege» konsesjonssaker.

Tabell 11: Talet på saker der søkeren er eit aksjeselskap, fordelt på utfall og år.

	Innvilga	Avslått	Saker i alt
2012	21	3	24
2013	36	8	44
2014	37	7	44
2015	34	4	38
2016	23	7	30
2017	48	10	58

I 2017 blei det behandla i alt 58 saker der konsesjonssøkar var eit AS/ASA. Av desse sakene blei 48 søknader innvilga og 10 søknader blei avslåtte. Det er i Buskerud og Hordaland kommunane har behandla det største talet slike saker, med 5 saker i kvart fylke.

4.3 Saker etter konsesjonslova § 9 siste ledd

Endringa av konsesjonslova i 2009 gjorde at odelsberettiga eller nær slekt må søke konsesjon der kor vedkommande ikkje kan eller vil busette seg på eigedomen. Kommunen tar så stilling til om det skal gis konsesjon med eller uten vilkår om buplikt.


Talet på slike saker behandla av kommunane som førsteinstans var litt lågare i 2017 enn i åra før. I tida etter at denne lovendringa blei innført viser tabell 12 at talet på behandla søknader har vore variert. Det same gjeld avslagsprosenten.

Tabell 12: Talet på saker etter konsesjonslova § 9 siste ledd, behandla av kommunane som førsteinstans, 2010-2017.

	Innvilga			Søknader innvilget med vilkår			Avslåtte	Søknader i alt	Avslagsprosent
	Utan vilkår	Med vilkår	I alt	Pers. buplikt	Upers. buplikt	Seinare tilflytting			
2010	270	533	803	218	59	174	42	845	5,0
2011	109	231	340	*	44	180	39	379	10,3
2012	75	253	328	*	42	205	24	352	6,8
2013	77	202	279	*	57	125	12	291	4,1
2014	64	173	237		43	115	20	257	7,8
2015	94	187	281		36	138	26	307	8,5
2016	82	202	284		55	118	21	305	6,9
2017	68	156	224		38	103	14	238	5,9

* Det blei ikkje rapportert om dette etter 2011


I tabell 12 ser vi at det i 2017 blei behandla i alt 238 søknader om konsesjon etter konsesjonslova § 9 siste ledd. Av desse søknadene blei 68 innvilga utan vilkår, 152 søknader blei innvilga med vilkår og 14 søknader blei avslått. Dette gir ein avslagsprosent på 5,9.



Figur 20: Talet på saker etter konsesjonslova § 9 siste ledd fordelt på utfall og fylke. Saker behandla av kommunane i 2017.


Kommunane i Rogaland og Møre og Romsdal har behandla flest slike saker, med høvesvis 22 og 20 saker, jf. figur 20. I Finnmark blei det berre behandla 3 slike saker i 2017.

Figur 21 viser at det varierer noko mellom fylka i perioden 2010-2017 kor mange slike saker kommunane har behandla. Det er kommunane i Oppland som har behandla flest slike saker med 306 saker, mens kommunane i Finnmark har behandla færrest saker med 21 i same periode.



Figur 21: Tal på saker etter konsesjonslova § 9 siste ledd i perioden 2010-2017 fordelt på fylke.

Figur 22 viser at det som venta er noko variasjon mellom fylka når det gjeld kor stor del av desse sakene som blei innvilga med og utan vilkår i denne perioden. Det er i Nordland og Hordaland flest saker blei innvilga utan vilkår, med 45 prosent innvilga saker i Nordland og 41,7 prosent i Hordaland. Den største andelen avslåtte saker finn vi i Troms med 18,1 prosent og Telemark med 16,4 prosent.



Figur 22: Saker etter konsesjonslova § 9 siste ledd i perioden 2010-2016 fordelt på utfall og fylke. Tal i prosent.

4.4 Nedsett konsesjonsgrense


For å sikre omsynet til fast busetjing kan kommunen søke om å få innføre forskrift etter konsesjonslova § 7, òg kalla «nullgrenseforskrift». Ei slik forskrift sett konsesjonsfridomen ut av spel for heile eller delar av kommunen, og gjeld for eigedomar som er eller har vore nytta til heilårsbustad eller er regulert til bustadformål. Tar ein over ein slik eigedom og vil nytte han til fritidsformål, må ein søke om konsesjon.

Tabell 13: Talet på saker behandla av kommunane med heimel i forskrift etter konsesjonslova § 7 i perioden 2000-2017.

	Innvilga i alt	Avslåtte	Saker i alt	Avslagsprosent	Gammal forskrift
2000	33	6	39	15,4	
2001	135	14	149	9,4	
2002	18	1	19	5,3	
2003	27	1	28	3,6	
2005	100	24	124	19,4	127
2006	78	21	99	21,2	20
2007	95	21	116	18,1	30
2008	167	20	187	10,7	3
2009	234	21	255	8,2	0
2010	158	17	175	9,7	0
2011	169	28	197	14,2	0
2012	120	43	163	26,4	0
2013	110	21	131	16,0	0
2014	105	17	122	13,9	0
2015	48	6	54	11,1	
2016	116	7	123	5,7	
2017	328	14	342	4,3	


Kommunane behandla i alt 342 saker etter forskrift med heimel i konsesjonslova § 7 i 2017, noko som er mykje samanlikna med tidlegare år. Av desse sakene blei 328 søknader innvilga, og 14 søknader blei avslått.

I 2017 har i alt 49 kommunar oppgitt at dei har ei forskrift etter konsesjonslova § 7 i følge KOSTRA-rapporteringa. Dette er fem fleire enn året før, jf. figur 23. Det er Landbruksdirektoratet som fastsetter desse forskriftene, og vi fører derfor ein eigen oversikt over dei årsvise endringane i tal på kommunar med forskrift. For 2017 er det samsvar mellom våre tal og KOSTRA-tala, men for 2016 er det skilnad. I vår oversikt hadde 51 kommunar forskrift om nedsett konsesjonsgrense, noko som er sju fleire enn dei kommunane som gjennom KOSTRA svarar at dei har ei slik forskrift. Den svake oppgangen frå 2016 til 2017 i figur 23, om talet på kommunar med forskrift, er etter alt å døme ikkje riktig.




Figur 23: Talet på kommuner som har forskrift etter konsesjonslova § 7 i følge KOSTRA-rapporteringa i perioden 2010-2017.

Sjølv om talet på slike saker fortsatt er relativt lågt både for landet og for dei einssilde fylka, så viser figur 24 at det er klar skilnad mellom fylka med omsyn til kor mange slike saker som blei behandla i 2017. Det er kommunane i Akershus og Vest-Agder som klart skil seg ut med høvesvis 150 og 128 behandla saker i 2017. Alle dei 150 sakene i Akershus var i Vestby kommune. Alle blei innvilga. I Vest-Agder var 122 av dei 128 behandla sakene i Sirdal kommune. Også her blei samlege innvilga. Dette er sær høge tal, og ein kan undre seg om det er feil i rapporteringa frå desse kommunane, eller om det er faktiske tal.




Figur 24: Talet på konsesjonssaker behandla av kommunane i 2017 med grunnlag i forskrift etter konsesjonslova § 7, fordelt på fylka.

Som vi ser av figur 25, er det stor variasjon mellom åra med omsyn på talet på saker som blir behandla i kommunane med nedsett konsesjonsgrense. Det er viktig å vere merksam på at det frå eit år til det neste kan vere skilnad på talet på kommuner som har slik forskrift.



Figur 25: Søknader om konsesjon som følge av at kommunen har innført forskrift etter konsesjonslova § 7, talet på innvilga og avslåtte saker i perioden 2010-2017.

Figur 26 viser at andelen avslåtte konsesjonssaker med opphav i kommunal forskrift varierer i perioden 2000-2017. I åra etter 2012 har det vore ein nedgang i andelen avslåtte saker.



Figur 26: Andelen konsesjonssaker med heimel i kommunal forskrift avslåtte i perioden 2000-2017.

4.5 Nedsett konsesjonsgrense – slektskapsunntaket sett ut av kraft

Ei endring i konsesjonslova, sett i kraft 1.7.2009, gjer det mogleg for kommunane å innføre forskrift som òg sett slektskapsunntaket i konsesjonslova (§ 5 første ledd nr. 1) ut av kraft. Dette inneber at nære slektningar av tidlegare eigar må søke konsesjon dersom dei ønskjer å nytte ein tidlegare heilårsbustad til fritidsformål.

Tabell 14: Talet på kommunar med forskrift som sett konsesjonslova § 5 nr. 1 ut av kraft, og saker behandla etter denne regelen i perioden 2012-2017.

	Kommunar med forskrift	Innvilga	Avslått	Saker i alt
2012	8	14	2	16
2013	11	17	0	17
2014	10	9	0	9
2015	6	2	0	2
2016	6	15	0	15
2017	8	9	2	11

Som vi kan sjå av tabellen, behandlar kommunane relativt få slike saker kvart år, så det er vanskeleg å seie noko om utviklinga for denne sakstypen.

5 Kvalitet på talmaterialet

5.1 Foreløpige og endelege tal

Fristen for foreløpig rapportering er 15. februar, og for endeleg rapportering er fristen i juni. I år var det 399 av 426 kommunar (94 prosent) som hadde rapportert ved foreløpig rapporteringsfrist, jf. tabell 15. Som tidlegare år har det vore endringar i tala i tida frå foreløpig til endelege tal. Tala for omdisponering aukar noko frå foreløpig til endeleg rapportering.

Tabell 15: Andel kommunar som har rapportert, tal på dekar omdisponert areal, samt prosentvis endring mellom foreløpige og endelege tal, 2005 – 2017. NB: Tala inkluderer alle formål (areal til skogplanting inkludert).

År	Foreløpige tal				Endelege tal				Endelege tal i % av foreløpige		
	Andel kommunar	Omdisp etter jordlov	Omdisp etter PBL	Sum jordlov og PBL	Andel kommunar	Omdisp etter jordlov	Omdisp etter PBL	Sum jordlov og PBL	Jordlov	PBL	Sum jordlov og PBL
2005	77 %	4 052	10 467	14 519	96 %	4 438	13 510	17 948	110 %	129 %	124 %
